



Innkalling  
av  
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 02.02.2021

**Møtestad:** Teams

**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>  
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

-Det vert opplæring i elektronisk avstemming i starten av møtet.

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll – 10.11.2020
003/21	Endring retningsliner Ungdomsrådmidlane
004/21	Ungdomsrådmidlane - rapport 2020
005/21	Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024
006/21	Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering
007/21	Meldingar og orienteringar til Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021

26. januar 2021

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 26.01.2021

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
001/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.01.2021

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
002/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021

### **Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Vedlegg i saken:**

10.11.2020      Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -      1471577  
10.11.2020



## Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 10.11.2020  
**Møtestad:** TEAMS  
**Møtetid:** 09.00 - 15.15

Orienteringar:

Kl. 09.00 Skulepresentasjon v/ rektorar frå følgjande skular i Alver:

- Austebygd skule, - Leiknes skule, - Radøy ungdomsskule, - Kløvheim skule,
- Vaksenopplæringa, - Lindås ungdomsskule, - Sæbø skule.

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik Utne-kultursjef, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjarne Hopand- rådgjevar Oppvekst stab, Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse, Nora Gjerde-sekretær.

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
060/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
061/20	Godkjenning av møteprotokoll
062/20	Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins
063/20	Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram
064/20	Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune
065/20	Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2020
066/20	Prioritering av søknader om spelemidlar 2021

### **060/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **OKK- 060/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

### **061/20: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 13.10.2020 vert godkjent, samrøystes.

### **OKK- 061/20 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 13.10.2020 er godkjent.

### **062/20: Samarbeidsavtale med Austrheim kommune - Åsheim skulekrins**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ny avtale mellom Austrheim og Alver kommunar om Kaland skulekrins som ein interkommunal skulekrins vert ikkje etablert. Elevar på 1.-7. trinn i tidlegare Åsheim skulekrins får Lindås barneskule som sin nærskule.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab

#### **Fellesframlegg v/Thea Risøy-Krf:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tar saka til orientering, og ber formannskapet gjere endeleg innstilling til kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke

### **OKK- 062/20 Vedtak:**

#### **Uttale i OKK - 10.11.2020:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tar saka til orientering, og ber formannskapet gjere endeleg innstilling til kommunestyret.

### **063/20: Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til endeleg vedtak planprogram**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre gjer endeleg vedtak for framlegg til planprogram kommunedelplan oppvekst – Alver kommune, datert 30/10-2020.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-13

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:****Behandling:**

Orientering til saka v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse

Rådmannen sitt framlegg vart samrøytes vedteke.

**OKK- 063/20 Vedtak:****Innstilling i OKK - 10.11.2020:**

Alver kommunestyre gjer endeleg vedtak for framlegg til planprogram kommunedelplan oppvekst – Alver kommune, datert 30/10-2020.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-13

**064/20: Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

**Ungdomsråd 05.11.2020:****Behandling:**

**UR- 048/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Ungdomsrådet ynskjer at administrasjonen ser på moglegheiten for å oppretta ein "pris til ungdom" òg.

Samrøystes

**Eldreråd 09.11.2020:****Behandling:**

Rådgjevar kultur, Eileen M. Feste, orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ER- 046/20 Vedtak:**

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:****Behandling:**

Orienterig til saka v/Eileen Feste-Kulturkonsulent  
Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 051/20 Vedtak:**

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar



innan kultur, idrett og frivilligheit.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

#### **Behandling:**

#### **Framlegg frå Jon Askeland-Sp:**

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur utset saka, og ber administrasjonen om tilleggsutgreiing på om ein av prisane bør vera uttrykk for Alversamfunnet si høgaste utmerking. Dersom det er kulturprisen som skal vera den høgaste utmerkinga, så må innhaldet i kultur- og frivilligprisen også vurderast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå rådmannen fekk ingen røyster og fall.

#### **OKK- 064/20 Vedtak:**

#### **Innstilling i OKK - 10.11.2020:**

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur utset saka, og ber administrasjonen om tilleggsutgreiing på om ein av prisane bør vera uttrykk for Alversamfunnet si høgaste utmerking. Dersom det er kulturprisen som skal vera den høgaste utmerkinga, så må innhaldet i kultur- og frivilligprisen også vurderast.

### **065/20: Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2020**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne:

Bjørn Steffen Thorsen	Grunnmur, gbnr 23/3	Avslag
Bjørn Tore Nordeide	Våningshus, gbnr 455/7 Kartveit	50 000 kr
Nina Bortne	Naust, gbnr 468/3 Askeland på Radøy	45 000 kr
Vågenes bygdelag	Vågenes bedehus, gbnr 429/11/1	40 000 kr

Meland mållag	Elias Mjåtveit-huset	50 000 kr
Laila Bjørge	Kvernhus, gbnr 241/3, Bjørge	10 000 kr
Aina Isdal Haugland	Lemstove, gbnr 185/5, Isdal	24 000 kr
Kjersti Isdal	Lemstove, gbnr 185/7, Isdal	30 000 kr
Cato Pisani Danielsen	Gamleskulen på Eikanger, gbnr 213/61	Avslag
Elin Signe Askvik	Utløe, gbnr 236/20 Askvik	21 000 kr
Helge Kolås	Naust ved Hallandsvatnet, gbnr 462/2 Kolås	30 000 kr

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

#### **Behandling:**

Laila Bjørge-Sp sa seg ugild som sækjar i saka, ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 065/20 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne:

Bjørn Steffen Thorsen	Grunnmur, gbnr 23/3	Avslag
Bjørn Tore Nordeide	Våningshus, gbnr 455/7 Kartveit	50 000 kr
Nina Bortne	Naust, gbnr 468/3 Askeland på Radøy	45 000 kr
Vågenes bygdelag	Vågenes bedehus, gbnr 429/11/1	40 000 kr
Meland mållag	Elias Mjåtveit-huset	50 000 kr
Laila Bjørge	Kvernhus, gbnr 241/3, Bjørge	10 000 kr

Aina Isdal Haugland	Lemstove, gbnr 185/5, Isdal	24 000 kr
Kjersti Isdal	Lemstove, gbnr 185/7, Isdal	30 000 kr
Cato Pisani Danielsen	Gamleskulen på Eikanger, gbnr 213/61	Avslag
Elin Signe Askvik	Utløe, gbnr 236/20 Askvik	21 000 kr
Helge Kolås	Naust ved Hallandsvatnet, gbnr 462/2 Kolås	30 000 kr

#### **066/20: Prioritering av søknader om spelemidler 2021**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2021 slik det ligg føre i saka.

##### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.11.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **OKK- 066/20 Vedtak:**

##### **Innstilling i OKK - 10.11.2020:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2021 slik det ligg føre i saka.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Ungdomsråd	01.02.2021
	Alver kommunestyre	
003/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021

### **Endring retningslinjer Ungdomsrådmidlane**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningslinjer for Ungdomsrådmidlane som er vedlagt saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

#### **Saksopplysninger:**

Kjem

#### **Vedlegg i saken:**

22.01.2021

Oppdatert Retningslinjer Ungdomsrådmidlane - 2021

1502322

## Retningslinjer for Ungdomsrådmidlane

### 1. Om ordninga/formål

Ungdomsrådmidlane er ein enkel måte å søka om tilskot til tiltak/aktivitet/arrangement som kan betra dei unge sitt oppvekstmiljøet (til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,). Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

Ungdomsrådmidlane si målgruppe er unge mellom 13 og 19 år som er busett i Alver kommune.

### 2. Krav til søkar

Gruppering av ungdom (minst 3 personar), lag/organisasjonar, elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret kan søka.

Ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar).

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

For å få utbetalt støtte, må alle søknader oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, slik det kjem fram i søknadsskjema.

### 3. Kva og kor mykje kan du søka om?

Døme på kva ein kan søka om støtte til:

- Oppstart aktivitet/prosjekt
- Innkjøp av utstyr/materiell
- Utvikling eller formidling av kunst, kulturproduksjon, scene
- Produksjonsstøtte til opne arrangement

Ein kan ikkje søka om:

- Lønn/honorar

Andre områder ein søker støtte til vert vurdert av Alver ungdomsråd ut frå formålet med ordninga; *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

#### Støtte

Ein aktør:

Inntil 5000,- per søknad.

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 15000,- per søknad.

#### **4. Kunngjering**

Ungdomsrådmidlane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen. Søknadsskjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si nettside, og i papirversjon ved servicetorg.

#### **5. Sakshandsaming**

Søknad leverast via skjema på Alver kommune sine heimesider.

Søkar må formulere eit mål med tiltaket, som samsvarar med formålet til ordninga: *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

Søknadar handsamast av Alver ungdomsråd i første møte.

Søknad må vere inne minst 1 veke før oppsatt møte, for å kunne behandlast.

Søknad mottatt mindre en ein veke før møte, vert behandla i påfølgjande møte i Alver ungdomsråd.

Aktuelle møtedatoar kjem fram i politisk møtekalender.

Svar vert sendt ut innan ei veke etter møte.

#### **6. Rapportering**

Kort rapport og rekneskap leverast til Alver ungdomsråd via motteke skjema seinast 2 månader etter mottatt støtte.

Det er oppgitt juridisk ansvarleg kontaktperson som har ansvar for å senda inn rapport og rekneskap.

Ved prosjekt er frist 2 veker etter sluttdato for prosjektet.

Ved mangelfull rapportering og mangel på kvitteringar kan Alver ungdomsråd krevje støtta tilbakebetalt. Dette gjeldt også visst midlane er brukt på anna enn det som stod oppført i søknaden.

#### **7. Høve til å klaga**

Klagefrist er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast.

#### **8. Synleggjering**

Ved promotering av prosjektet på plakatar, i programhefte og i anna kommunikasjonsmateriell, eller ved informasjon om det einskilde produktet, skal det gjerast kjend at arrangementet/prosjektet er støtte av Ungdomsrådmidlane frå Alver ungdomsråd.

## **9. Unyttar midlar**

Om det står att unyttar midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021
006/21	Ungdomsråd	01.02.2021

### **Ungdomsrådmidlane - rapport 2020**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Til orientering

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Bakgrunn**

#### **Saksopplysninger:**

Kjem

#### **Vedlegg i saken:**

22.01.2021 Ungdomsrådmidlane rapport 2020

1502299





**ALVER**  
KOMMUNE

# Ungdomsrådmidlane

Rapport 2020





## Om ordniga

I politisk reglement for Alver kommune, under ungdomsrådet sitt arbeids- og ansvarsområdet heiter det:

- *Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*
- *Ungdomsrådet rapporterer til utval for oppvekst, kunnskap og kultur korleis midlane vert nytta.*

For å sikra god forvaltning av midlane, utarbeida ungdomsrådet i 2020 retningsliner og namna ordnina «Ungdomsrådmidlane».

Ungdomsrådmidlane skal vere ein enkel måte å søka om tilskot til tiltak/aktivitet/arrangement som kan betra dei unge sitt oppvekstmiljøet.

Ungdomsrådmidlane si målgruppe er unge mellom 13 og 19 år som er busett i Alver kommune.

## Framdrift 2020

Ungdomsrådet handsama sak om «retningsliner ungdomsrådmidlane» i møte 05.03.2020.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur handsama saka i møte 10.03.2020.

På grunn av tiltak knytt til covid-19, handsama og godkjende kommunestyret saka først i møte 14.05.2020.

Når retningslinene var godkjende, kunne ein opprette elektronisk søknadsskjema.

Alver kommune opprettar elektronisk søknadsskjema gjennom KF(Kommuneforlaget).

Bestillinga om skjema vart sendt til KF i mai. På grunn av lang sakshandsaming, vart ikkje skjema klart før 18.09.2020.

Alver kommune publiserte informasjon om, og søknadsskjema for, ordninga på heimesidene 25.09.2020.

Informasjon om ordninga vart samstundes annonsert i lokalavis, sosiale medium, e-post til alle lag og organisasjonar, og epost til skular og ungdomsklubbar i Alver kommune.



## Handsama søknadar 2020

Etter at søknadsskjema vart publisert 25.09.2020, kom det totalt inn 24 søknadar fram mot siste søknadsfrist 08.12.2020.

Budsjettet for ordninga i 2020 var kr. 200,000,-.

Retningslinjene ungdomsrådet handsama ut frå, ligg nedst i rapporten.

Retningslinjene legg til grunn at ein aktør kan få innvilga inntil kr. 5000,- og at to eller fleire aktørar i samarbeid kan få innvilga inntil kr 15000,-.

Under ser ein alle søknadar som ungdomsrådet handsama:

Refnr.	Søkar	Tiltak	Søkt beløp i heile kroner	Innvilga beløp i heile kroner	Merknad
2ADBZT	Seim Skyttarlag	Utstyr – tilbod i ungdomsgruppa	15000	10000	
IX88TD	Elevrådet Ostereidet USK	Utstyr – betre elevmiljø	15000	15000	
6UESQ5	Skodvin Skulemusikk	Støtte til innspeling	5000	10000	
HQC7YC	Connect Ung v/Pinsemenigheten	Utstyr	15000	11000	
AJP6CK	Sagstad skulekorps	Utstyr	5000	5000	
C4UTF7	Sæbø ungdomslag	Aktivitet – Oppussing av ungdomshus for ungdomsklubb	15000	11000	



TD23DD	Nordhordland Bibelsenter	Arrangement –	5000	0	Manglar ungdom i søkndag
8TYVIG	Lindås håndball g16	Arrangement –	15000	11000	
KJT7BY	Elevråd Lindås USK	Utstyr – Nye benker uteområdet. Bordtennis.	15000	15000	
V3UPJN	NH-bibelsenter v/Bibelgruppe LINK	Utstyr – mat og aktiviteter til samlingene	5000	0	Manglar ungdom i søknad
UQEZX4	NH-bibelsenter	Utstyr –	5000	0	Manglar ungdom i søknad
6N524T	NH- Bibelsenter	Aktivitet – Link ungdomsklubb. Støtte til utsyr	15000	11000	
A2D2ST	Dansegruppe v/Ellen-Marie Aune	Utstyr -	2500	2500	
BHP3QF	Gimle basketballklubb avd. Alver	Utstyr – Oppstart av nytt basketlag i Knarvik Arena	5000	5000	
VKEBMQ	Ungdomslaget Framsteg	Utstyr – Utstyr til oppstart av tilbod til ungdom i ungdomshuset (biljardbord)	15000	11000	



M36QDP	Klasse 10e Knarvik ungdomsskule	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	5000	
S3FYQQ	Klasse 10b Knarvik USK	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	5000	
72ZM4A	Klasse 10c Knarvik USK	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	5000	
QQ4GYF	Klasse 10a Knarvik USK	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	5000	
FJG2U5	Klassetur 10d Knarvik	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	5000	
YV86EY	Klassetur 10. trinn	Aktivitet – klassetur for 10.trinn KNUSK	5000	0	Ungdomsrådet innvilgar totalt 5000 pr. klasse ved 10.trinn Knarvik
K4B43Q	Elevråd KNUSK	Utstyr – Fleire spel/aktivitetar for elevane	15000	5000	
MGAJP4	Frekhaug Ungdomsklubb	Utstyr – innkjøp laptop til gameing	15000	15000	
NCPSRH	Radøy ungdomsklubb	Utstyr – innkjøp laptop til gameing	15000	15000	
	<b>SUM</b>		<b>227500</b>	<b>177500</b>	



			Unyttet beløp etter tildeling ved søknad:	<b>22500</b>	
Fellesframlegg om fordeling av restbeløp til opning av dagsturhytter og til ungdomskontakten Salto i Knarvik (til innkjøp av spel, utstyr, arrangement..)					
	Dagsturhytter 2000,- hver			6000	
	Ungdomskontakten Salto			16500	

## Evaluering 2020

Av ulike årsaker (utsatt møte i kommunestyret, lang sakshandsaming KF) tok det lang tid før ordninga og søknadsskjema var på plass.

Perioden ein kunne søke om midlar i 2020 vart difor relativt kort (omlag 2,5 månadar). Trass den korte perioden, kom det inn 24 søknadar som utgjorde ein sum på kr. 227 500,-.

Dette kan tyde at ein på sikt må vurdere andre rettleiande beløp (5000/15000). Samstundes bør ein vente til 2022, då ein har eit heilt år der ordninga er verksam å evaluere på.

Ungdomsrådet hadde ein uformell munnleg evaluering av ordninga i sitt møte 15.12.2020. Ungdomsrådet såg behovet for nokre justeringar i retningslinene og ynsket at kontaktperson for ungdomsrådet tok tak i følgjande:

- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:  
*Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom.*  
*Ordninga skal stimulere ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.*
- Endre punkt 2 i retningslinene frå:  
*Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein*



av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

Til:

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst **tre** av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):  
*Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.*
  
- Leggje til nytt punkt, 9:  
*9. Unyttta midlar*  
*Om det står att unyttta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte.*

Kommentar framlegg om endringar:

Ungdomsrådet opplevde at fleire søknadar var utforma av ein vaksen, utan at ein kunne sjå korleis ungdommen hadde vore med i prosessen.

Ungdomsrådet ynskjer at ein tydeleg skal sjå at ungdom er involvert.

I frå tidligare Lindås kommune, har det vore praksis at ungdomsrådet etter eige skjønn har delt ut unyttta midlar til aktørar i oppvekstmiljøet dei meiner fortener ekstra støtte. I politisk reglement heiter det:

*- Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*

Alver ungdomsråd tolkar formuleringa slik at dei kan dele ut unyttta midlar til aktuelle aktørar utan søknad, men ynskjer at denne moglegheiten er presisert i retningslinene. Etter handsaming av søknadar i 2020 stod det att kr 22500,-, som ungdomsrådet gav til Ungdomskontakten Salto (16500 kr) og opning av dagsturhytter (6000 kr).

Dette er ein moglegheit ungdomsrådet opplev som ekstra meningsfylt, då dei aktivt kan påverka aktørar i oppvekstmiljøet.

Framlegg om endringar i retningslinene vert lagt fram som politisk sak ved første moglegheit i 2021.



## **Retningslinjer for Ungdomsrådmidlane (vedatt i Alver kommunestyret 14.05.2020)**

### **1. Om ordninga/formål**

Ungdomsrådmidlane er ein enkel måte å søka om tilskot til tiltak/aktivitet/arrangement som kan betra dei unge sitt oppvekstmiljøet (til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).

Ungdomsrådmidlane si målgruppe er unge mellom 13 og 19 år som er busett i Alver kommune.

### **2. Krav til søkar**

Gruppering av ungdom (minst 3 personar), lag/organisasjonar, elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret kan søka.

Ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar).

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

For å få utbetalt støtte, må alle søknader oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, slik det kjem fram i søknadsskjema.

### **3. Kva og kor mykje kan du søka om?**

Døme på kva ein kan søka om støtte til:

- Oppstart aktivitet/prosjekt
- Innkjøp av utstyr/materiell





- Utvikling eller formidling av kunst, kulturproduksjon, scene

- Produksjonsstøtte til opne arrangement

Ein kan ikkje søka om:

- Lønn/honorar

Andre områder ein søker støtte til vert vurdert av Alver ungdomsråd ut frå formålet med ordninga; *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

### **Støtte**

Ein aktør:

Inntil 5000,- per søknad.

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 15000,- per søknad.

## **4. Kunngjering**

Ungdomsrådmidlane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen. Søknadsskjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si nettside, og i papirversjon ved servicetorg.

## **5. Sakshandsaming**

Søknad leverast via skjema på Alver kommune sine heimesider.

Søkar må formulere eit mål med tiltaket, som samsvarar med formålet til ordninga; *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

Søknadar handsamast av Alver ungdomsråd i første møte.

Søknad må vere inne minst 1 veke før oppsatt møte, for å kunne behandlast.

Søknad mottatt mindre en ein veke før møte, vert behandla i påfølgjande møte i Alver ungdomsråd.

Aktuelle møtedatoar kjem fram i politisk møtekalender.

Svar vert sendt ut innan ei veke etter møte.



## **6. Rapportering**

Kort rapport og rekneskap leverast til Alver ungdomsråd via mottøke skjema seinast 2 månader etter mottatt støtte.

Det er oppgitt juridisk ansvarleg kontaktperson som har ansvar for å senda inn rapport og rekneskap.

Ved prosjekt er frist 2 veker etter sluttdato for prosjektet.

Ved mangelfull rapportering og mangel på kvitteringar kan Alver ungdomsråd krevje støtta tilbakebetalt. Dette gjeldt også visst midlane er brukt på anna enn det som stod oppført i søknaden.

## **7. Høve til å klaga**

Klagefrist er tre veker frå vedtaket er mottøke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast.

## **8. Synleggjering**

Ved promotering av prosjektet på plakatar, i programhefte og i anna kommunikasjonsmateriell, eller ved informasjon om det einkilde produktet, skal det gjerast kjend at arrangementet/prosjektet er støtte av Ungdomsrådmidlane frå Alver ungdomsråd.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-  
B50, FE-122  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 25.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Ungdomsråd	01.02.2021
005/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021
	Alver kommunestyre	

## Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Planen for Den kulturelle skulesekken i Alver kommune tek høgde for å vere ein overgang frå dei tre gamle kommunane Lindås, Meland og Radøy. Den skal rullerast i høve kommande kommuneplan og kulturplan for Alver kommune. Planen skal sikre at alle grunnskuleelevar i Alver kommune har eit likeverdig kulturtilbod gjennom Den kulturelle skulesekken uansett bustad og skule.

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing og styringsdokumenta for Den kulturelle skulesekken er St.meld. nr. 38 (2002-2003) «Den kulturelle skulesekken» med den tilhøyrande Innst. S. nr. 50 (2003-2004), og St.meld. nr. 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» med tilhøyrande Innst. S. nr. 200 (2007-2008).

### Saksopplysninger:

Vestland fylkeskommune deler ut spelemidlar til Alver kommune og programmet for Den kulturelle skulesekken er soleis drifta gjennom eksternt tilskot. I tillegg fordelast akkumulert mindreforbruk frå tidlegare år for å auke aktiviteten. I 2020 var aktiviteten avgrensa grunna Covid-19 og dei resterande midlane frå 2020 vert fordelt i planperioden 2021-2024.

Arbeidet med å utvikle planen for Den kulturelle skulesekken i Alver kommune vart presentert for utval for oppvekst, kunnskap og kultur hausten 2020.

Planen vart lagt fram for rektorane i Alver kommune på Teams-møte i regi av Jan Ove Johansen den 13.01.21.

Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024 vart lagt ut til offentleg ettersyn den 04.12.2020 med frist for innspel den 21.12.2020. Det har kome inn éin uttale:

### Museumssenteret i Hordaland:

Utdrag frå høyringsuttale: «Vestnorsk utvandringssenter og Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland (MUHO) ser positivt på Alver kommune sin plan for Den kulturelle skulesekken (...). Som dei einaste offentlege musea i Alver kommune er vi opptatt av kultur og natur arven vår, og å formidle den til skulane i vårt område».

### Alver kulturråd:

Utdrag frå uttale: «Alver Kulturråd synest planen er informativ, lettlesn, klårt strukturert og språkleg sikker, så det er lett å ta inn stoffet». Dei kommenterer vidare at planen kunne ha sagt meir om korleis deia medlemmar kan bidra i Den kulturelle skulesekken.

**Vedlegg i saken:**

14.01.2021	Den kulturelle skulesekken_2021-2024	1498079
14.01.2021	Uttale til - Plan for den kulturelle skulesekken i Alver kommune (L)(284825)	1498080
14.01.2021	Uttale til DKS-planen frå Alver Kulturråd (297648)	1498091
25.01.2021	Uttale til plan for Den kulturelle skulesekken. Seim skule	1502991



**ALVER**  
KOMMUNE

# Plan for Den kulturelle skulesekken

**2021–2024**



## Innhald:

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>2</b>
<b>2. RAMMER OG FØRINGAR .....</b>	<b>2</b>
2.1 NASJONALE FØRINGAR FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN.....	3
2.2 REGIONALE FØRINGAR FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN .....	4
2.3 LOKALE FØRINGAR FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN .....	5
<b>3. MÅLSETTINGAR, ORGANISERING OG STRATEGIAR .....</b>	<b>5</b>
3.1 NASJONAL MÅLSETTING .....	5
3.2 LOKAL MÅLSETTING.....	6
3.3 ORGANISERING AV DEN KULTURELLE SKULESEKKEN I ALVER KOMMUNE .....	6
3.4 ROLLEFORDELING.....	7
3.4 STRATEGIAR.....	8
<b>4. EKSTERNE PRODUKSJONAR .....</b>	<b>10</b>
<b>5. ØKONOMI .....</b>	<b>10</b>
5.1 FORDELING AV SPELEMIDLANE .....	11
5.2 TRANSPORTUTGIFTER .....	11
5.3 HONORAR OG TARIFF FOR UTØVARAR OG ANDRE AKTØRAR I ALVER KOMMUNE .....	12
<b>6. COVID-19 .....</b>	<b>12</b>
<b>7. HÅNDLINGSDEL .....</b>	<b>12</b>
7.1 FASTE TILBOD TIL UTVALDE KLASSETRINN I ALVER KOMMUNE SIN REGI.....	13
7.2 EKSTERNE OG INTERNE PRODUKSJONAR VARIERANDE FRÅ ÅR TIL ÅR .....	17

## 1. Innleiing

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal satsing som skal medverke til at alle elevar, både i grunnskule og vidaregåande skule, får møte, gjere seg kjent med og utvikle forståing for kunst og kultur av høg kvalitet. Det er ingen bestemte krav til teknikk, format eller metode for ein DKS-produksjon. Det er eit viktig mål at DKS formidlar profesjonell kunst og kultur, og at ordninga ikkje skal erstatte skulane si eiga undervising i estetiske fag.

Planen for Den kulturelle skulesekken i Alver kommune tek høgde for å vere ein overgang frå dei tre gamle kommunane Lindås, Meland og Radøy. Den tek med seg etablerte tilbod frå tidlegare år og inkluderer nye tilbod og justeringar i den nye kommunen. Planen skal rullerast i høve kommande kommuneplan og kulturplan for Alver kommune.

Gamle Lindås, Meland og Radøy har hatt ulik praksis i arbeidet med DKS. Denne planen skal sikre at alle grunnskuleelevar i Alver kommune har eit likeverdig tilbod uansett bustad og skule. Planen presenterer eigne lokale mål for DKS i kommunen og vil vere eit reiskap for å kvalitetssikre eit profesjonelt kulturtilbod til barn og unge.

## 2. Rammer og føringar

*Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Noreg*, er ein nasjonal etat med ansvar for å forvalte, kvalitetssikre og utvikle DKS-ordninga. I tillegg til å vere ein nasjonal koordinerande instans for utvikling av kvalitet og samarbeid i ordninga, skal Kulturtanken bidra til at tilboda samspekar med skulen sine læreplanar, og til å utvikle felles forståing og engasjement mellom kunst-, kultur- og skulesektor. Kulturtanken har ansvar for å tildele spelemidlar frå overskotet til Norsk Tipping, innhente rapportering og utarbeide nasjonal årsrapport for DKS.

DKS er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet, og alle fylkeskommunar og kommunar i landet. *Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge* fekk i 2016 det nasjonale ansvaret for ordninga. DKS er altså eit samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og omfattar alle skulane i Noreg. Fylkeskommunen er ansvarleg for regional koordinering og programmering, og kommunane har høve til å utvikle eigne program lokalt. Under presenterast nasjonale, regionale og lokale føringar for Den kulturelle skulesekken.

## 2.1 Nasjonale føringar for Den kulturelle skulesekken

Styringsdokumenta for Den kulturelle skulesekken er St.meld. nr. 38 (2002-2003) «Den kulturelle skulesekken» med den tilhøyrande Innst. S. nr. 50 (2003-2004), og St.meld. nr. 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» med tilhøyrande Innst. S. nr. 200 (2007-2008). Stortingsmeldinga frå 2007-2008 legg fram ei rekke føringar. Mellom anna seier den at Den kulturelle skulesekken skal utformast etter følgjande prinsipp:

- **Varig ordning:** Den kulturelle skulesekken skal vere ei varig ordning for elevar i skulen.
- **For alle elevar:** Den kulturelle skulesekken skal famne om alle elevane i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har.
- **Høg kvalitet:** Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtilbod med høg kunstnarisk kvalitet.
- **Kulturelt mangfald:** Den kulturelle skulesekken skal omfatte ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar.



- **Breidde:** Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representerte i Den kulturelle skulesekken. Det skal også vere variasjon i formidlingsmåtane.
- **Regularitet:** Elevane skal vere sikra eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.
- **Samarbeid kultur – skule:** Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.
- **Rollefordeling kultur – skule:** Opplæringssektoren har ansvar for å leggje for- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvar for kulturinnhaldet og for å informere om innhaldet i god tid.
- **Lokal forankring og eigarskap:** Den kulturelle skulesekken må forankrast lokalt, i den enkelte skule, kommune og fylkeskommune. Dette sikrar lokal entusiasme og gir rom for mange lokale variantar, slik at alle kan kjenne eigarskap til Den kulturelle skulesekken.

## 2.2 Regionale føringar for den kulturelle skulesekken

Dei vedtekne regionale planane for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane set rammene for det kulturpolitiske arbeidet til Vestland fylkeskommune inntil ein regional plan for Vestland er på plass. Total tildeling til Vestland fylkeskommune vert fordelt mellom DKS i grunnskulen og vidaregåande skule i samsvar med føringar frå Kulturtanken.

Tildelingsbrevet frå Vestland fylkeskommune presiserer følgjande mål for DKS i Vestland: «Fylkeskommunar og kommunar skal tilby elevar i det 13-årige skuleløpet, inkludert lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring, kunst og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Elevar med nedsett funksjonsevne skal ha same høve til å delta i DKS som andre elevar. Alle dei seks kunst- og kulturuttrykka i DKS skal vere representerte: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal vere ein

integrert del av DKS. I 2020 er det fokus på å kartlegge og auke omfanget av produksjonar med nynorsk som målform».

## **2.3 Lokale føringar for Den kulturelle skulesekken**

I utarbeidinga av Alver kommune sin DKS-plan er tidlegare planar for dei tre kommunane lagt til grunn. Denne planen skal vere ei vidareføring av tidlegare målsettingar for Lindås, Meland og Radøy og ei fornying som samsvarer med den nye kommunen sin identitet og satsingsområda innan kultur.

Aktiv kvar dag i Alver er ein grunnleggande visjon for kommunen. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og den nye kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn. Hovudmål for Alver kommune er:

- Kulturformidlinga i skulen skal vera gratis for elevane
- Gi alle barn og ungdom tilgang på gode tilbod og tenester, og høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn
- Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet
- Bruke Strilabiblioteket til å fremje opplysning, medverknad og formidling, og vere ein aktiv arena for demokratiutvikling

Desse målsetnadane er henta frå strategi- og styringsdokumentet for Alver kommune. Dei vil koplast opp mot strategi og tiltak i lag med dei lokale måla for Den kulturelle skulesekken under handlingsdelen av denne planen.

## **3. Målsettingar, organisering og strategiar**

### **3.1 Nasjonal målsetting**

I stortingsmelding nr. 8 «Kulturell skulesekk for framtida» er det satt som mål «at Noreg skal verte ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kunst og kultur i

alle delar av samfunnslivet». Vidare presiserast det at måla for den kulturelle skulesekken skal vere:

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

### **3.2 Lokal målsetting**

Med utgangspunkt i Alver kommune sine visjonar og målsettingar for kultur i strategi- og styringsdokumentet samt tidlegare planar for Lindås, Meland og Radøy, vil den lokale DKS-planen for 2021-2024 at Alver kommune skal:

- gje elevar høve til å utvikle skapande evne gjennom kreativ utfolding og oppleving.
- setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår.
- nytte profesjonelle aktørar frå kunst- og kulturfeltet

### **3.3 Organisering av Den kulturelle skulesekken i Alver kommune**

Alver kommune får spelemidlar via Vestland fylkeskommune til å gjennomføre eit lokalt DKS-tilbod. Nokre kommunar, til dømes Bergen, er «direktekommunar» som får DKS-midlar direkte frå nasjonalt hald (Kulturtanken), men dette gjeld ikkje Alver kommune. I Alver kommune er difor DKS-ordninga todelt:

1. Tilbod som skulane får direkte frå Vestland fylkeskommune
2. Lokal del der DKS-utvalet i kommunen vurderer og fastset tilbod til skulane:
  - Faste tilbod til utvalde klassetrinn i Alver kommune sin regi

- Eksterne og interne produksjonar varierende frå år til år

### **3.4 Rollefordeling**

#### **Kulturtenesta i kommunen**

Kommunen skal til ei kvar tid ha ein kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle DKS i kommunen og regionen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av Den kulturelle skulesekken i fylket.

Kommunekontakten har ansvar for koordinering av arbeidet til DKS-utvalet, lyse ut søknadsfrist for eksterne produksjonar og rapportere til fylkeskommunen.

#### **DKS-utvalet**

Eit DKS-utval vert årleg utpeikt av Rådmannen, og skal bestå av representantar frå ungdomsrådet, skulane og kulturrådet i tillegg til kommunekontakten. DKS-utvalet skal ha med seg brei fagkompetanse innanfor aktuelle kunstfelt, og kan rådføre seg eksternt. DKS-utvalet møtast ein gong i året og set saman det eksterne tilbodet i Alver kommune etter mottatte søknader.

#### **Skulane**

Ein sentral premiss for DKS er at eleven sjølv skal oppleve tilbodet som relevant og ha ei rolle i utforminga og gjennomføringa av DKS. For å møte elevane i ein skule prega og forma av digital teknologi, bør tilbodet reflektere dette. Skulane sin representant i DKS-utvalet forpliktar seg til å representere elevane på skulen og framme tilbod som elevane sjølv tykkjer er relevant.

Det skal vere ein kontaktperson for DKS på kvar skule. Ein DKS-kontakt har ansvar for å vere i kontakt med utøvarar og produksjonar i forkant av hendinga, leggje til rette for produksjonar og vere kontaktperson på sjølve dagen. Skulane oppmodast òg til å involvere elevane i organiseringa av DKS-produksjonar som kjem til skulane.

Etter kvar gjennomføring av eit DKS-tilbod skal skulane fylle inn eit skjema for rapportering.

### **Kulturskulen**

Alver kulturskule kan nytte intern kapasitet og kompetanse til å utforme produksjonar og tilbod til skulane i kommunen, ut frå gjeldande lokal fordelingsnøkkel for DKS-spelemidlar. Alver kulturskule kan gjennom DKS-tilbodet lokalt sikre samanhengar i det heilskaplege opplæringsløpet for kunst og kultur, i samspel mellom grunnskule, kulturskule og DKS. Alver kulturskule si rolle skal vidare sikre kulturelt mangfald og nytting av lokal kompetanse og kulturforståing.

Alver kulturskule vil sjølv ha produsentansvar og nytte midlane etter lokal fordelingsnøkkel til å utvide kapasiteten i eigen stab for å gjennomføre produksjonen. Programmet er fast, og skal så langt et let seg gjere ut på turné i alle grunnskulane i Alver kommune og møte ei fastsett målgruppe. Målgruppa kan omfatte fleire klassetrinn for ein produksjon.

### **Biblioteket**

I kulturplanen for Hordaland 2015-2025 heiter det: «Tilboda i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken bør også gjerast tilgjengelege for folkebiblioteka». Den kulturelle skulesekken i Alver kommune organiserast ilag med biblioteka i kommunen gjennom faste tilbod. Biblioteka kuraterer innhaldet sjølv og organiserer opplegget saman med skulane. Biblioteket lagar faste opplegg for alle 2. og 5. trinn i Alver kommune.

## **3.4 Strategiar**

For å sikre at DKS-tilbodet når ut til alle elvar i kommunen, vil Alver satse på faste tilbod til utvalde klassetrinn kvart år. Slik vil alle elevane gjennom si tid på grunnskulen få moglegheit til å oppleve relevante tilbod der alle dei seks

hovudsjangrane for DKS er representert. Der det faste tilbodet ikkje strekk til i dekkinga av dei lokale, regionale og nasjonale målsettingane for DKS, skal det eksterne tilbodet supplere det faste.

I det faste tilbodet legg Alver kommune vekt på følgjande uttrykk i programmeringa:

- **Kulturarv og lokalhistorie:** gjennom samarbeid med lokale lag og organisasjonar som har mest kunnskap om vår unike kulturarv og historie.
- **Litteratur:** Gjennom samarbeid med Strilabiblioteket som har brei fagkompetanse innan sjangeren litteratur.
- **Visuell kunst og scenekunst:** Gjennom å gje alle ungdomsskuleelevane i Alver moglegheit til å reise til Bergen for å besøke veletablerte kulturinstitusjonar.

Dette betyr at sjangrane **film** og **musikk** må innlemmast i tildelinga av eksterne og interne produksjonar, om dei ikkje er tilstrekkeleg representert gjennom tilbod frå Vestland fylkeskommune.

I det faste DKS-tilbodet legg Alver kommune vekt på følgjande uttrykk til dei ulike trinna i programmeringa:

- **2. trinn:** Litteratur
- **5. trinn:** Litteratur
- **4.-7. trinn:** kulturarv (trinn vil variere frå skule til skule ut i frå det lokale tilbodet)
- **10. trinn:** Visuell kunst og scenekunst

Det er mogleg å sende inn nye forslag og tilbod innan kulturarv i det faste programmet.

I tilbodet med eksterne og interne produksjonar som vil variere frå år til år, legg Alver kommune vekt på følgjande uttrykk i programmeringa:

- **1.-4. trinn:** musikk og scenekunst

- **5.-7. trinn:** visuell kunst og litteratur
- **8.-10. trinn:** film og musikk

Søknadar innan sjangeren kulturarv oppmodast til å innlemme ein av dei andre sjangrane i produksjonen sin, for å oppnå høgare prioritering i tildelinga.

Kva tilbod som vert gjeve til dei ulike trinna vil variere frå år til år ut i frå kva søknader som kjem inn frå eksterne produksjonar. Under tildelinga av eksterne produksjonar og produksjonar frå kulturskulen, skal sjangrane i høve dei ulike trinna presentert ovanfor liggje til grunn.

Under handlingsdelen av denne planen vert strategiane og tiltaka for å nå dei ulike målsettingane sett nærmare på.

## **4. Eksterne produksjonar**

Frist for å melde inn tilbod til det lokale DKS-programmet for det kommande skuleåret er 1. mars kvart år. Alver kommune vil dekke ferdige produksjonar og gjennomføring av desse. Det kan ikkje søkjast om produksjonsmidlar til utarbeiding av ein produksjon.

Produksjonar må oppfylle formelle kriterium for utforming av søknadar og ordninga skal lysast ut kvart år i aktuelle medium og kanalar.

DKS-utvalet i Alver kommune vel ut dei aktuelle produksjonane og turneane etter søknadsfristen. Søknader som dekker satsingsområda til dei ulike trinna i skulen, som presentert i avsnittet om «strategian» ovanfor, skal prioriterast.

## **5. Økonomi**

Vestland fylkeskommune fordeler spelemidlar til DKS i kommunane i Vestland. Dette utgjorde for skuleåret 2020/2021 kr 0,5 mill for Alver. Akkumulert

mindreforbruk frå tidlegare år kan fordelast i planperioden for å auke aktiviteten.

## **5.1 Fordeling av spelemidlane**

Under visast rettleiande prosentforeling av spelemidlane. Dette vil variere noko frå år til år, ut ifrå det eksterne tilbodet og talet på elevar.

Faste tilbod til utvalde klasse trinn – 40%

Tilbod gjennom Alver kulturskule – 20%

Eksterne produksjonar – 40%

## **5.2 Transportutgifter**

Ein stor del av midlane frå DKS vert kvart år brukt på transport av elevar til dei ulike DKS-tilboda. For å sikre at så stor del som mogleg av budsjettet går direkte til tiltak innan kunst og kultur skal skulane, så fram det let seg gjere, nytte offentleg transport eller andre framkomstmiddel, som til dømes sykkel. Skulane kan ikkje søkje kommunen om refusjon for transport til kulturelle aktivitetar i eigen regi, og som ikkje inngår i eit tildelt DKS-tilbod. Skulane søker refusjon for transport til produksjonar godkjent og tildelt av DKS-utvalet. Dekking av transportutgifter kan variere frå år til år, både i det faste tilbodet og dei årlege, eksterne produksjonane.

Ved å ta i mot eit tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken i Alver, forpliktar skulane seg til å dekke ein eigenandel pålydande kr 2000,- av utgiftene til transport. Må ein skule leige inn fleire bussar, betyr det kr 2000,- per buss. Der fleire skular kan dele på ein buss, delar dei òg eigenandelen. Fakturering for utgifter til transport skal sendast til tenesteområde kultur i kommunen og splittast med skulane. Fakturaen merkast «Transport DKS dato/tilbod».



I tildelinga av eksterne produksjonar vil tilbod som kan gjennomførast på skulane bli prioritert for å unngå høge transportutgifter, og slik sikre meir midlar til det kulturelle innhaldet.

### **5.3 Honorar og tariff for utøvarar og andre aktørar i Alver kommune**

Jamfør tildelingsbrev til Vestland fylkeskommune frå Kulturtanken skal kunstnarar som utfører arbeid i DKS betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesser skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at kunstnarar vert betalte i tråd med gjeldande rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar, forhandla fram mellom KS og CREO.

Det gjeld eigne individuelle avtalar for frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å tilby eit DKS-opplegg. Avtalane skal utarbeidast etter same prinsipp for å sikre jamn og rettvis fordeling av DKS-midlane til lag og organisasjonar i Alver. Satsane vert sett ut i frå omfanget til produksjonen, tal på produksjonsdagar og kor mange dei når ut til i målgruppa.

## **6. Covid-19**

Eksterne produksjonar som har blitt avlyst i 2020 på grunn av smittevernrestriksjonar i høve situasjonen med Korona, skal få tilbod om å gjennomføre produksjonen sin i 2021. Det må takast høgde for dette i programmeringa av det eksterne tilbodet.

Nye søknadar om produksjonar for perioden 2021-2024 må ta omsyn til gjeldande smittevernsituasjon og reglar.

## **7. Handlingsdel**

Under denne delen av planen presenterast dei ulike tiltaka og strategiane som vert gjort for å nå måla som er satt for Den kulturelle skulesekken på nasjonalt, regionalt og lokalt plan.

## 7.1 Faste tilbod til utvalde klassetrinn i Alver kommune sin regi

Sjanger/tiltak	Målgruppe	Mål	Strategi
<b>Litteratur og scenekunst</b> Eventyrtur til biblioteket	2. trinn  Alle skular i Alver kommune	Bruke Strilabiblioteket til å fremje opplysning, medverknad og formidling, og skape gode opplevingar for elevane gjennom litteraturen  Gi alle barn og ungdom tilgang på gode tilbod og tenester, og høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn	La elevane kome til biblioteket og møte tilsette som kan gje dei kjennskap og tryggleiken dei treng for å nytte seg av biblioteket frå tidleg alder av  Lage relevante DKS-tilbod på biblioteket innan litteratur som er inspirerande for elevane
<b>Litteratur</b> Forfattarbesøk	5. trinn  Alle skular i Alver kommune	Bruke Strilabiblioteket til å fremje opplysning, medverknad og formidling, og vere ein aktiv arena for demokratiutvikling  Gje elevane høve til å møte utøvande kunstnarar innan sjangeren litteratur og få nye erfaringar i møtet med forfattarar og tekstane deira.	La Strilabiblioteket bruke sine ressursar og kunnskap innan litteratur-feltet til å invitere forfattarar som er relevante for eleven og aktuelle for samtida
<b>Kulturarv</b> Holmestova	7. trinn  Rosland skule  Sagstad skule  Grasdal skule  Vestbygd skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Bruke Meland Sogelag som samarbeidspartnar til formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Kulturarv</b> Gaustad skule – ein skuledag I 1950-åra	4. trinn  Rosland skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår	Bruke Nordre Austebygd velforeining som samarbeidspartnar til formidling av den

	Sagstad skule  Grasdal skule  Vestbygd skule	Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Kulturarv</b> Bogatunet	Mellom-trinnet (skulane avgjer kven som får tilbodet på sin skule)  Sæbø skule  Manger skule  Hordabø skule  Austebygd skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Bruke Radøy Sogelag som samarbeidspartnar til formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Kulturarv</b> Vestnorsk utvandringssenter	5. trinn  Sæbø skule  Manger skule  Hordabø skule  Austebygd skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Besøke Vestnorsk utvandringssenter for formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Kulturarv</b> Lyngheisenteret	5. trinn  Alversund skule  Knarvik barneskule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell	Besøke Lyngheisenteret for formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og

	Nordhordland kristne grunnskule	kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	unge til å ville ta vare på kulturarven sin  Skulen har moglegheit til å utvide tilbodet med overnatting på Lyngheisenteret, mot å dekke dei ekstra kostnadene det vil medføre.
<b>Kulturarv</b> Eknesvågen	4. trinn  Eikanger skule  Ostereidet barneskule  Myking skule  Kløvheim skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Bruke Eknesvågens venner som samarbeidspartnar til formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Kulturarv</b> Postmuseet på Festo	5. trinn  Seim skule  Lindås barneskule  Leiknes skule  Skodvin Montessori-skule	Setje fokus på kulturarv og lokalhistorie, slik at barn og unge i dag får kjennskap til lokalområda og historia vår  Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet	Bruke Lindås sogelag som samarbeidspartnar til formidling av den lokale kulturarven på staden  Lage DKS-tilbod i lokalområda til elevane som opplyser og engasjerer barn og unge til å ville ta vare på kulturarven sin
<b>Scenekunst</b> Førestilling på Den Nationale Scene	10. trinn  Knarvik ungdomsskule  Lindås ungdomsskule	Nytte profesjonelle aktørar frå kunst- og kulturfeltet  få kjennskap til veletablerte arenaer for visuell kunst og teater, og få erfaringa som trengs for å oppsøkje slike institusjonar på eiga hand ved seinare høve	Skulen organiserer tur til Bergen, der skulen og elevane i dialog med Den Nationale Scene, vel ut ei førestilling på repertoaret  Elevane skal setjast inn i formidlingsmaterialet til DNS i forkant av førestillinga

	<p>Meland ungdomsskule</p> <p>Ostereidet ungdomsskule</p> <p>Radøy ungdomsskule</p> <p>Rosland skule</p> <p>Danielsen ungdomsskule Frekhaug</p>		<p>Turen skal kombinerast med tiltaket for visuell kunst</p>
<p><b>Visuell kunst</b> Kunstutstilling på KODE 2, Bergen Kunsthall, Hordaland kunstsenter eller annan visningsstad for samtidskunst av høg kvalitet</p>	<p>10. trinn</p> <p>Knarvik ungdomsskule</p> <p>Lindås ungdomsskule</p> <p>Meland ungdomsskule</p> <p>Ostereidet ungdomsskule</p> <p>Radøy ungdomsskule</p> <p>Rosland skule</p> <p>Danielsen ungdomsskule Frekhaug</p>	<p>nytte profesjonelle aktørar frå kunst- og kulturfeltet</p> <p>få kjennskap til veletablerte arenaer for visuell kunst og teater, og få erfaringa som trengs for å oppsøkje slike institusjonar på eiga hand ved seinare høve</p> <p>eleven skal oppleve tilbodet som relevant og ha ei rolle i utforminga og gjennomføringa av DKS</p>	<p>Skulen organiserer tur til Bergen, der elevane får sjå minst ei aktuell kunstutstilling</p> <p>Elevane skal ha moglegheit til å setje seg inn i utstillingsprogramma til visningstader for visuell samtidskunst i Bergen og medverke til kva for utstilling dei ynskjer å sjå</p> <p>For at elven skal oppleve kunsten som relevant til tida dei lev i, skal besøket skje på ein visningsstad for samtidskunst</p>

## 7.2 Eksterne og interne produksjonar varierende frå år til år

Sjanger	Målgruppe	Mål	Strategi
Musikk	1.-4. trinn	nytte profesjonelle aktørar frå kunst- og kulturfeltet	Konsertar Komponistbesøk Musikkverkstader
Scenekunst	1.-4. trinn	å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag	Teaterframsyningar Teaterverkstader Danseverkstader Danseframsyningar
Visuell kunst	5.-7. trinn	gje elevar høve til å utvikle skapande evne gjennom kreativ utfolding og oppleving	Utstillingar Kunstverkstader Besøk av kunstnarar Galleribesøk
Litteratur	5.-7. trinn	å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål	Skriveprosjekt Forfattarbesøk Opplesing/debattar
Film	8.-10. trinn	gje elevar høve til å utvikle skapande evne gjennom kreativ utfolding og oppleving	Filmverkstader Besøk av filmskaparar Framsyningar
Musikk	8.-10. trinn	nytte profesjonelle aktørar frå kunst- og kulturfeltet	Konsertar Komponistbesøk Musikkverkstader

Alver kommune

Bergen, 21.12.2020

## Høringsuttale Plan Den kulturelle skulesekken Alver kommune 2021-2024

Vestnorsk utvandringssenter og Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland (MUHO) ser positivt på Alver kommune sin plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024. Vi er glade for at de ønskjer å legge inn fast besøk med elevar i 5. trinn frå utvalde lokale skular. Som dei einaste offentlege musea i Alver kommune er vi opptatt av kultur og natur arven vår, og å formidle den til skulane i vårt område.

Vi vil også understreke at vi også har høve til å ta i mot skuleklassar og grupper for andre tilbod også utanom det faste opplegget for 5. trinn.

Å delta på undervisingsopplegg i Muho er gratis for skulane. Ein del av opplegga har utgifter til materiell som det hadde vore fint om vi kunne få dekkja noko av.

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv. Vi bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Her kan folk oppleve unike museum og kulturlandskap i Nordhordland, Bergen og på Osterøy. To av våre avdelingar Lyngheisenteret på Lygra, og Vestnorsk utvandringssenter på Sletta, er i Alver kommune, medan Tekstilindustrimuseet ligg i Salhus, rett over fjorden i Bergen kommune.

Vi legg også vekt på kulturmøte, mangfald, migrasjon, klima, miljø og ei berekraftig framtid og kan tilpasse og utarbeide formidlingstilbod som også kan inngå til dømes i Den kulturelle skulesekken som einskildskular og andre klassetrinn også kan nytte seg av i tillegg til tilboda til 5. trinn. Lyngheisenteret har også undervisingsopplegg innan naturarv og biologi.

Med venleg helsing

**Torhild Kvingedal**  
avdelingsleiar  
Lyngheisenteret

**Lena Eikeland Kutscher**  
avdelingsleiar  
Vestnorsk utvandringssenter

Museumssenteret i Hordaland  
Salhusvegen 201  
5107 Salhus

post@muho.no  
55 25 10 80

Org. nr. 971 349 743

muho.no

---


**Fra:** Arild Hagenes <arildhagenes@icloud.com>  
**Sendt:** torsdag 14. januar 2021 17:33  
**Til:** Sigrid Fivelstad  
**Emne:** Dks

- Alver Kulturråd synest planen er informativ, lettelsen, klårt strukturert og språkleg sikker, så det er lett å ta inn stoffet.
- Tilhøvet mellom det nasjonale, regionale og lokale nivået er tydeleg forklart og forståeleg.
- Det går tydeleg fram at målet med DKS er å gje elevane tilgang til kulturutøving på profesjonelt nivå innanfor dei sjangrane som er omtala.
- Derimot er det vel ikkje heilt klårt kva rolle dei frivillige laga og organisasjonane kan bidra med, dvs. våre medlemmer. Men det står noko om "frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å tilby eit DKS-opplegg" (s. 12).
- Altså kunne planen ha sagt noko meir og litt tydelegare korleis våre medlemmer kunne bidra.
- For Kulturrådet ser det ut som at det er dei frivillige laga innanfor hovudsjangeren kulturvern som her har størst spelerom, særleg i det faste opplegget som kommunen skal ha for 4.-7. klassesteg. Eg går ut frå at dei nemnde sogelaga og lokale musea som er nemnde, har vore inne på dei tre ulike kommunale opplegga tidlegare og at den nye planen er ei vidareføring av desse aktivitetane. Men ut frå målsetjingane burde det jo vera rom for større medverknad både frå kystlag, husflidlag og mållag.
- Korleis våre medlemmer innanfor musikk og visuell kunst kunne bidra, er det ikkje sagt noko om. Dei to elitekorpsa i kommunen må reknast som profesjonelle aktørar, og kunstlaget har kompetanse på utstillingar.

Arild Hagenes  
Leiar, Alver Kulturråd

Sendt fra min iPad





**Denne PDF-porteføljen bør åpnes i Acrobat X  
eller Adobe Reader X eller senere.**

Skaff deg Adobe Reader nå!

**Fra:** [Torgeir Arne Lid](#)  
**Til:** [Sivild Eivestad](#)  
**Kop:** [Jan Ole Johansen](#); [Miriam Monstad](#)  
**Emne:** VS: Tilbakemelding på det kulturelle tilbudet.  
**Dato:** onsdag 13. januar 2021 13:20:17  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

---

Hei!

Sender vidare tilbakemelding angående planen rundt DKS-tilbudet i Alver. Tilbakemeldinga er skrive av Seim skule sin kontaktperson i høve DKS, Miriam Monstad.

Mvh

**Torgeir Arne Lid** | Rektor Seim skule  
Telefon: 56 37 51 41  
E-post: [torgeir.arne.lid@alver.kommune.no](mailto:torgeir.arne.lid@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Fra:** [Miriam Monstad](#)  
**Sendt:** tirsdag 12. januar 2021 18.51  
**Til:** [Torgeir Arne Lid](#)  
**Emne:** Tilbakemelding på det kulturelle tilbudet.

Hei

Tilbakemelding på planen for det kulturelle tilbudet.

1. Veldig bra at det kommer nasjonale føringer som sikrer et variert og godt tilbud til alle elevene. Dagens DKS tilbud har vært gode på informasjon og forarbeid. Det er en jobb for Seim skule å gjøre for både å bruke tilsendt arbeid i forkant og involvere opplevelsen og innholdet inn i hverdagen. Det blir bare en opplevelse. Flott om det kommer klare føringer på hvordan tilbudet skal jobbes med før og etter opplevelsen.
2. Flott at det settes fokus på den lokale kulturarven og lokalhistorien som lokal målsetning.
3. Rollefordeling på skolen (s.7) har fungert greit på skolen. Kontaktpersonen ved skolen har alltid kontakt med utøveren i forkant, pedagoger får tilsendt informasjon på mail i godt tid + påminning når det nærmer seg for å kunne ha en gjennomgang av opplegget i forkant. Elever blir involvert i bæring ut og inn og er aktive i produksjonen om utøverne ønsker det. Det blir avtalt hvem som tar i mot og takker i forkant av hver produksjon. Det blir stort sett gitt tilbakemelding i etterkant av en produksjon.
4. God strategi å legge faste tilbud til hvert klassetrinn. En tanke: Å vekke leselyst og forståelse for bokstaver som blir ord og mening på vårparten i 1.klasse gjennom en forestilling?
5. Transportutgifter – tror ikke vi har betalt noe ved transport tidligere, så det er kanskje nytt med egenandel? Dette kan slå litt hardt ut økonomisk om en er en skole som ofte må besøke andre skoler? Supert om du sjekker ut med Gerd Karin om vi har betalt egenandel tidligere. Det er ikke så mange år siden vi var på Myking skule for å se en forestilling som het Nasen.
6. Kulturarv – Mange vil ta det positivt at Postmuseet på Festo er tatt inn i kulturarven på Seim. Vi favner da en større del av bygda som går på skolen. I tillegg har vi vel lagt inn lokalt på Seim sykkeltur til kvernhuset på Myksvoll.
7. Eksterne og interne produksjoner ser ok ut. Vi har tidligere fått et variert tilbud og ut fra planen ser det ut til å inneholde varierte produksjoner for ulike aldersgrupper.

Veldig kjekt med en konkret og tydelig plan. Håper den vil bli en integrert del av skolen sitt arbeid, for å få på plass forberedelse til produksjonen, forarbeid og etterarbeid med elevene.

Mvh Miriam

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-453, FA-L06  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Ungdomsråd	01.02.2021
004/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	01.02.2021
004/21	Eldreråd	01.02.2021
006/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

## Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av prosjektet universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja med ein prosjektkostnad på 3,5 millionar. Det vert løyvd 615 000 kroner i kommunale midlar til tiltaket.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Saka er sendt til uttale også til idrettsrådet og kulturrådet.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Bakgrunn

Alver kommune skal i løpet av første kvartal 2021 setja opp tre dagsturhytter. I kommunestyrevedtak om etablering av tre dagsturhytter i Alver kommune, sak 046/19, vert det sagt at ein bør stille krav til at minst ei av dei tre hyttene vert bygd med universell tilkomst. Det var likevel ikkje mogleg å finna ei plassering som både oppfylte kriteria til plassering av dagsturhytte og som hadde universell tilkomst. Administrasjonen skisserte i sak 089/20 til kommunestyret ei mogleg løysing med å laga trepromenade til dagsturhytta i Byngja som ville gje denne hytta høg grad av tilgjengelegheit.

Fylkeskommunen hadde i fjor haust dialog med Gjensidigestiftelsen om prosjekt som kunne passa inn under tilskotsordninga Naturmøteplassen. Fylkeskommunen presenterte mellom anna idéen om trepromenade til dagsturhytta i Byngja for Gjensidigestiftelsen, og kort tid før jul vart Alver kommune invitert av Gjensidigestiftelsen til å søkja midlar til dette prosjektet frå tilskotsordninga Naturmøteplassen. Søknadsfristen var allereie 7. januar. Administrasjonen sende inn ein søknad, med forbehold om kommunal finansiering. Dette er årsaka til at denne saka kjem no.

Administrasjonen har sett på korleis tilkomsten til dagsturhytta i Byngja kan gjerast universelt utforma, og fått estimert kostnadene ved dette.

### Saksopplysningar:

Byngja er eit statleg sikra friluftsområde som er eigd og drifta av Bergen og omland friluftsråd. Alver kommune har inngått 40-års avtale med friluftsrådet som gjer kommunen rett til å byggja dagsturhytte i Byngja og rett til å bygga tilkomst til hytta. Det er kommunen som har ansvar for drift og vedlikehald av hytte og tilkomst.

Avstanden frå parkeringsplassen til friluftsområdet og ut til dagsturhytta i Byngja er i underkant av 800 meter. Den første delen av traséen, som er om lag 550 meter, er ein eldre grasdekt markaveg medan siste del, om lag 250 meter, er i dag sti i kupert terreng.

Kommunen har fått hjelp av landskapsarkitekt til å planlegga universelt utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja. Det er presentert ei løysing som stettar dei aller fleste krava til universell utforming og som samstundes tar omsyn til naturkvalitetane i området.

### **Grusa veg frå parkeringsplassen til badeplassen**

Første del av traséen frå parkeringsplassen til badeplassen går på gamal, graskledd markaveg. Når det er tørt i terrenget er det mogleg å koma fram både med barnevogn og med terrengrullestolar, men det er fleire bratte stigningar og når det er vått i terrenget er ikkje vegen lett framkommeleg for andre enn gåande. Auka trafikk til dagsturhytta vil truleg føra til slitasje på vegen som vil føra til oppsamling av vatn og fleire våte parti.

Landskapsarkitekten har foreslått ei løysing der eksisterande veg er opparbeida som universelt utforma grusveg, med ei breidde på 3.5m - inkludert skulder og stikkrenner, der ytterste delen kan tilpassast til eksisterande terreng. Av denne breidda vert det tilrådd eit rullbart dekke på 2-2.5 meter, avhengig av kor brei vegen er i dag. For å oppnå best mogleg rullevennleg tilkomst, og samtidig ivareta naturpreget er det forutsatt dekke av velgradert komprimert grus. For optimale stigningsforhold vert dei brattaste partia gjort slakkare ved hjelp av fyllingar som vist på vedlagt skisse.

Norconsult har estimert ein pris på 1 116 000 ekskl. mva for dette tiltaket.

### **Trepromenade frå badeplassen til dagsturhytta**

Landskapsarkitekt har skissert ei løysing der ein byggjer ein 213 meter lang trepromenade/-sti frå badeplassen ut til dagsturhytta. Trepromenaden er planlagt på innsida av neset nokre få meter frå sjøen. Denne løysinga er vald fordi ein unngår bratte stigningar og kan halda seg innanfor krava til universell utforming.

Treplatingen skal ha ein breidde på minimum 1,5 meter, med lokale utvidingar for passasje der terrenget tillet det. På kartet er møteplassane innteikna kvar 25. meter. Trepromenaden vert etablert på søyler med punktfundament. Der det er mogleg vert søylesko bora direkte i fjell. Der det ikkje er fjell vert punktfundament av naturlege steinar frå traseen eller betong nytta. Stien skal ha rekkverk på nedsida som vist på prinsippnittet nedst til venstre på vedlagt kart. Denne løysinga er skånsom mot terrenget og vil i svært stor grad ivareta området sine naturkvalitetar.

Norconsult har estimert ein pris på 1 669 000 kroner ekskl. mva på denne delen av tiltaket.

### **Finansiering**

Gjensidigestiftelsen: Alver kommune har søkt Gjensidigestiftelsen om kroner 500 000 til støtte frå tilskotsordninga Naturmøteplassen. Søknaden gjeld realisering av trepromenaden frå badeplassen til dagsturhytta. Svar på søknaden kjem i løpet av februar månad, og eit eventuelt tilskot vert utbetalt i løpet av 2021. Gjensidigestiftelsen ynskjer at tiltaket vert gjennomført i løpet av dette året. Det er ein føresetnad for Gjensidigestiftelsen at trepromenaden er fullfinansiert og at finansieringa er dokumentert for å få innvilga tilskotet.

### Spelemidlar:

Det er mogleg å søkja spelemidlar til tilrettelegging av turstiar med ein lengde på meir enn 1 kilometer. Turstien frå parkeringsplassen i Byngja og heilt ut på neset forbi dagsturhytta er 1,1 kilometer. Det er såleis naudsynt å søkja spelemidlar for heile traséen om ein skal oppfylle krava til å motta spelemidlar. Det er mogleg å utsetja tilrettelegginga av grusvegen til 2022, men om ein skal få spelemidlar til begge desse tiltaka må dei søkjast om i éin samla spelemiddelsøknad.

Ein kan få tilskot til inntil 50 % av kostnadene, men maks. 500 000 til tilrettelegging av turstiar. Det er i tillegg mogleg å få tilskot på inntil 50 % av kostnadene, men maks. 500 000 til brutiltak. I følgje sakshandsamar på fylkeskommunen kan store delar av trepromenaden reknast som brutiltak, og det vil truleg vera mogleg å henta ut 1 000 000 i spelemidlar til dette tiltaket.

Det vert søkt spelemidlar første gong i 2022. Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune seier at friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar i løpet av dei to første godkjende søknadsåra. Det er såleis realistisk at kommunen får tildelt spelemidlar til dette i 2023.

Tilskot frå Vestland fylkeskommune:

Vestland fylkeskommune har løyvd 70 000 kroner til tiltaket. Tilskotet er stadfesta.

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde:

Byngja er som nemnd eit statleg sikra friluftsområde som er eigd og drifta av Bergen og omland friluftsråd. Det er mogleg å søkja tilskot til tilrettelegging i slike område. Ordninga seier at statleg tilskot, altså tilskot frå denne ordninga og spelemidlar, maksimalt skal utgjera 50 % av kostnaden inkludert mva.

Administrasjonen har vore i møte med friluftsrådet og fylkeskommunen, og etter råd frå dei og Miljødirektoratet vil friluftsrådet søkja på denne ordninga også for tiltaket trass i at det er kommunen som byggjer. Kommunen kan fakturera friluftsrådet for innvilga tilskot.

Friluftsrådet vil søkja om inntil kroner 500 000 i tilskot til tiltaket fordelt over kring 4 år. Om ein får innvilga søknaden får ein såleis 125 000 kroner årleg desse fire åra frå 2022-2025.

Dugnad

Både skruing av terrassebord på trepromenaden, transport av material og grus kan gjerast på dugnad. Både Hordabø IL og Nordhordland turlag har sagt seg positive til å bidra med dugnad, utan at det er gjort noko forpliktande avtale. Det er her stipulert ein dugnadsinnsats til ein verdi av 100 000 kroner, men det kan verta aktuelt med ein større dugnadsandel enn det som er stipulert her. Ein del kan evt utførast av kommunen sjølv.

**Finansieringa av universelt utforma kyststi – estimat frå Norconsult:**

Kostnad inkl. mva (ikkje mva på dugnad)	3 456 250
Mva-refusjon	671 250
Gjensidigestiftelsen	500 000
Spelemidlar	1 000 000
Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde	500 000
Tilskot frå fylkeskommunen (stadfesta)	70 000
Dugnad	100 000
Kommunale midlar	615 000

Kommunen må i tillegg forskottera 1 500 000 kroner i spelemidlar og tilskot til statleg sikra friluftsområde.

**Vedlegg i saken:**

22.01.2021	Enkel kostnadskalkyle universell kyststi (003)	1502171
22.01.2021	Kart - skisse	1502172

## Enkel kostnadskalkyle

Universell kyststi til Sjøbua på Byngja

### Forutsetninger for kalkyle

For å ivareta naturkvalitetene i området er det forutsatt en skånsom utbygging. Det er i kalkylen lagt inn kostnader for helikoptertransport av masser og materialer. Det bør settes krav til skånsom utbygging med minst mulig skade på tilstøtende terreng og vegetasjon.

Grussti følger samme trase som dagens sti/kjerreveg. Tresti legges i sidehellig på nordsiden av neset. Det er viktig at traseen for tresti legges slik at den i størst mulig grad følger terrenget.

<b>Kostnadsoverslag</b>				
<b>Grussti</b>				
Rigg & Drift	1	rs	80 000	80 000
Rigg helikopter	3	stk	7 000	21 000
Helikopter	400	tonn	800	320 000
Masser i storekk	400	tonn	650	260 000
Frakt sekk til p-plass	400	tonn	200	80 000
Gravemaskin	20	dag	7 000	140 000
Håndmann	20	dag	5 000	100 000
				1 001 000
Byggeplassadministrasjon				40 000
Prosjektering				75 000
				1 116 000
<b>Tresti</b>				
Rigg & Drift	1	rs	120 000	120 000
Rigg helikopter	3	rs	7 000	21 000
Helikopter	35	tonn	800	28 000
Materialer stroppet på p-plass	350	m <sup>2</sup>	2 200	770 000
Arbeid	120	dager	5 000	600 000
				1 539 000
Byggeplassadministrasjon				55 000
Prosjektering				75 000
				1 669 000
Entreprenørkost	2 540 000			
Prosjektering	150 000			
Administrasjon av byggeplass	95 000			
	2 785 000			
Alle priser er eks.mva.				

---

#### Norconsult AS

Valkendorfgate 6, NO-5012 Bergen

Pb. 1199, NO-5811 Bergen

Tel: +47 55 37 55 00

## **Merknader til kostnadsoverslag**

Følgende er med i kostnadsoverslaget:

- Materialer levert byggeplass
- Arbeid (entreprenør)
- Prosjektering (funksjonsbeskrivelse med lengdesnitt og prinsippsnitt)

Følgende er ikke med i overslaget:

- Byggesak (søknader frem til igangsettelsestillatelse)
- Kostnader til utlysning og kontrahering av entreprenør
- Beskrivelse generell del

### **Metode som er lagt til grunn**

Vi har satt som forutsetning at tiltaket skal gjennomføres uten omfattende inngrep i naturområdet. Dersom en utfører dette med større anleggsmaskiner og lastebil/traktor vil det bety at veien må utvides for å gi tilkomst for denne type utstyr. Veibredden kan så reduseres, og sideterreng revegeteres, men konsekvensen vil bli betydelige inngrep i sårbar natur.

På bakgrunn av ovenstående har vi beregnet at løsmasser til grusstien flys inn med helikopter. Kostnader for levering av løsmasser i storekk til p-plass er inkludert i kostnadsoverslaget.

Entreprenør kan velge å benytte andre metoder, f.eks. småmaskiner (minigraver, motortrildebåre ol.), men det er ikke gitt at det vil redusere de totale kostnadene.

### **Mulige kostnadsreduksjoner ved dugnadsarbeider**

Grussti

Håndarbeid med planering og komprimering av nytt grusdekke.


Ved tilgang på bil og maskiner kan hele, eller deler av transport til p-plass og planering av masser også inngå som dugnadsarbeid.

Tresti

Hele, eller deler av arbeidene med bygging av tresti kan være egnet for dugnadsarbeid. Det kreves fagkunnskap som tømrer, samt tilgang på boremaskin for festing av søylesko til fjell.



Tegningsnummer	Revisjon
L70-20-00-01	J01



**TEGNFORKLARING**

Grusdekke	Fylling
Tredette, generell bredde 1.5m	Skjæring
Møtested stibredde: 1.8m bredde benk: 0.35m	Nye koter
Natursteinsmur	Sjøbua dagsturhytte
Avstand mellom møtested: ca. 25m	Snitthensvisning


J01 For kommentar hos oppdragsgiver		05.01.2021	EmSand	JAAb	JAAb
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av

Alver kommune Målestokk (gjelder A1)  
1:500, 1:50

Universell kyststi til Sjøbua på Byngja  
Landskapsplan

Skisseprosjekt

Norconsult	Oppdragsnummer 5202389	Tegningsnummer L70-20-00-01	Revisjon J01
------------	---------------------------	--------------------------------	-----------------





**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 26.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	02.02.2021

### **Meldingar og orienteringar til Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Saksopplysninger:**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Politisk prosess for kommuneplanen sin samfunnsdel v/Line T. Waage-rådgjevar Plan og analyse.
2. Høyring – rammeplan for SFO v/Kristin Moe-kommunalsjef
3. Nytt lovverk for barnehagen, trygt og godt barnehagemiljø v/Kristin Moe-kommunalsjef
4. Status korona: tiltak justert opningstid i barnehagane v/Kristin Moe-kommunalsjef
5. Flytande litteraturhus v/Marit-Gro Berge, avdelingsleiar Strilabiblioteket
6. Status BUA Frekhaug og BUA Manger - v/Birthe Kråkenes Bjørstad og Nina Randal, dagleg leiar Manger frivilligsentral og Frekhaug frivilligsentral